

Dykkar
dato:
24.04.2019

Dykkar ref:

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Øystein Horn, 55 57 21 61

Svar på spørsmål om redusert foreldrebetaling / gratis kjernetid - Barnehage

Fylkesmannen viser til e-post frå Lindås kommune v/ Astrid Namtvedt Sylta, datert 24. april 2019.

I e-posten spør dykk om korleis kommunen skal handsame søknader om redusert foreldrebetaling som kjem inn til kommunen midt i barnehageåret. Dykk spør også om retten til gratis kjernetid er utvida til også å gjelde 2-åringar.

Redusert foreldrebetaling

Det følgjer av forskrift om foreldrebetaling § 3 fjerde ledd at det skal søkjast for eitt barnehageår av gongen. Retten til moderasjon gjeld utgifter til barnehageplass, og gjeld frå oppstart av kvart barnehageår, uavhengig av når kommunen fattar vedtaket. Nedst i forskrifta ligg det nokre merknader til § 3.

Det går fram av merknaden til § 3 fjerde ledd at «*[d]ersom noen som etter tredje ledd har rett på reduksjon i foreldrebetalingen får barnehageplass underveis i barnehageåret, må det samtidig kunne søkes om reduksjon i foreldrebetaling*». Ein naturleg tolking av dette tilseier at det også må vere mogleg å søke om redusert foreldrebetaling undervegs i barnehageåret, sjølv om barnet har fått barnehageplass på eit tidlegare tidspunkt.

Utdanningsdirektoratet har også presisert at dersom ein søker om moderasjon ikkje følgjer saksgangen som kommunen har lagt opp til for å kunne gi moderasjon for barnehageårets start, til dømes ved at det søker etter ein rimeleg frist satt av kommunen eller etter at barnehageåret har starta, har kommunen likevel ein plikt til å handsame søknaden og avgjere saka utan ugrunna opphold, jf. forvaltningslova § 11, sjå tolkingsuttale frå Utdanningsdirektoratet – «Moderasjonsordninger foreldrebetaling», sist endra 4. august 2017.

Utdanningsdirektoratet viser også i tolkingsuttalen til at Kunnskapsdepartementet har presisert at det er «*rimelig at retten til moderasjonen gjelder fra og med den første hele måned etter søknadstidspunktet. Kommunen kan velge å innvilge en søknad med tilbakevirkende kraft, dvs. fra barnehageårets start, til tross for at det av ulike grunner er søkt etter kommunens frist*



Dersom kommunen til dømes mottek ein søknad 28. februar, viser uttalen frå Utdanningsdirektoratet/departementet at utgangspunktet er at moderasjonen gjeld frå og med den påfølgjande månaden, altså mars.

Dersom barnet på dette søknadstidspunktet *allereie har* barnehageplass, og kanskje har hatt det sidan barnehageårets oppstart, i tillegg til at foreldra har betalt for barnehageplassen utan moderasjon, *kan* det vere rimeleg å innvilge søknaden med tilbakeverkande kraft. Dette vil i så fall kunne innebere at foreldra får tilbakebetalt det dei har betalt «for mykje», eller at betalingane framover blir avkorta med moderasjonen dei kunne fått ved dei tidlegare foreldrebetalingane. Dette er opp til kommunen sjølv å vurdere, men Fylkesmannen vil understreke viktigskapen av forbodet mot usakleg forskjellshandsaming dersom kommunen vel å innvilge eller ikkje innvilge tilbakeverkande moderasjon.

Gratis kjernetid for 2-åringar

Forskrift om foreldrebetaling § 3 sjuande ledd regulerer retten gratis kjernetid i barnehage. Forskrifta er enno ikkje endra til også å gjelde 2-åringar. Utdanningsdirektoratet opplyser om at retten etter forskrifta vil omfatte 2-åringar frå og med 1. august 2019. Så lenge forskrifta ikkje formelt er endra, må kommunane halde seg til å innvilge gratis kjernetid for 3-, 4- og 5-åringar, sjølv om forslaget er politisk avgjort og er inntatt i statsbudsjettet for 2019.

Med helsing

Marianne Svege (e.f)
seksjonssjef

Øystein Horn
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent